

**Visning avlyst, men stor interesse****15.02.2010**

**Det var tillyst visning både laurdag og sundag av det spesielle, historiske huset på Skorpo som vart lagt ut til sal for stutt tid sidan.**

**Men visningen måtte avlyst på grunn av for liten innmelding på førehand, opplyser meklar Evelyn Sjo i Privatmegleren Sunnhordland, som har salet. Prisantydning er 1.250.000 kroner.**

Likevel kan ho opplyse at det har vore stor interesse og mange treff på nettet og det vil bli annonsert nyvisning om ei eller to veker.

Det historiske huset, som ligg 100 meter frå fjorden og vendt mot Uskedalen, vart truleg reist rundt 1850. Opprinnelig var det tenestebustad for drenger og tenestejenter på garden men gjorde seinare teneste som skule for Skorpo heilt til skulen vart nedlagt.

I 1962 vart det så utskilt frå garden og har sidan vore nytta som hytte. Huset er bevara i den gamle stilens og har hatt bra vedlikehald.

Av Ola Matti Mathisen